

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Tysdag 30. mai 2006 kl 1500 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementets lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding jf lov om helseforetak § 43 og vedtekten § 7
4. Godkjenning av godtgjering til revisor jf lov om helseforetak § 44
5. Årleg melding jf lov om helseforetak § 34 og vedtekten § 7 og § 15
6. Kapasitet innanfor akuttfunksjonar i psykisk helsevern – oppfølging av bestillardokument 2006
7. Oppretting av lønnsråd
8. Styremedlemmer i helseføretak valt av dei tilsette

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad

Frå styret møtte:

Styreleiar Oddvard Nilsen
Magnar Lussand
Gisle Handeland

Følgjande var ikkje til stades:

Ellen Solheim
Gunnvor A. Sunde
Svein Andersen
Kari Oftedal Lima
Reidun Korsvoll
Helge Espelid
Inger F. Hamborg
Aslaug Husa

Frå administrasjonen møtte:

Administrerande direktør Herlof Nilsen

I tillegg møtte frå administrasjonen
i Helse Vest RHF:

Viseadm. direktør Helge Bryne

Også til stades:

Statssekretær Wegard Harsvik
Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Seniorrådgjevar Anne-Mette Ullahammer
Seniorrådgjevar Mette Bakkeli
Rådgjevar Pål Winnæss

Riksrevisjonen var varsle i samsvar med lov om helseforetak og møtte, representert ved Beate Seim Midlien.

Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varsle i samsvar med lov om helseforetak og møtte, representert ved Kjell Ove Røsok.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad ønskte, som øvste eigarmyndighet, velkommen. Ho spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold vart valde til å underskrive protokollen.

Helse- og omsorgsministeren overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden.
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding if lov om helseforetak § 43 og vedtekten § 7

I samsvar med vedtekten § 7 ble årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2005 lagt fram av administrasjonen til godkjenning i føretaksmøtet.

Statsautorisert revisor Kjell Ove Røsok, Ernst & Young, gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2005.

Føretaksmøtet viste til at den framlagde rekneskapen viser underskot. Det skal haldast fram to tilhøve i forståinga av dette underskotet, desse er og omtala i St.prp. nr. 63 (2003-2004):

- Nivå på verdsetting
- Levetider for anleggsmidla

I proposisjonen er det sagt at eit eventuelt underskot som følgje av desse tilhøva ikkje vil påverke dei fastsette styringsmåla knytt til ressursbruk og tenesteproduksjon.

Føretaksmøtet la til grunn desse føresetnadene også for avlegging av rekneskapen i 2005.

Føretaksmøtet merka seg at rekneskapen for 2005 er framstilt i tråd med dei felles malar og noter som er utarbeidde i samarbeid mellom departementet og dei regionale helseføretaka, jf. protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 24. januar 2006, sak 5.4 Rekneskapsføring. Føretaksmøtet merka seg vidare at det i avlegginga av rekneskapen er tatt omsyn til dei påpeikingar som føretaksmøtet gjorde ved handsaminga av rekneskapen for 2004, jf. protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 23. juni 2005, sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. lov om helseforetak § 43 og vedtekten § 7.

I føretaksmøtet 23. juni 2005 ble det fastsett slikt resultatkrav for Helse Vest RHF for 2005:

"I tråd med Innst. S. nr. 240 (2004-2005) blir det lagt til grunn at Helse Vest RHF halverer si omstillingsutfordring i 2005. Føretaksmøtet legg til grunn at dette tilsvarer at Helse Vest RHF oppnår eit korrigert årsresultat for 2005 som maksimalt utgjør om lag halvparten av korrigert årsresultat for 2004 når tilleggsløyve på 122 mill. kroner er trekt frå, svarande til eit underskot på 205 mill. kroner."

Korrigert årsresultat viser eit underskot på 182 mill. kroner. Føretaksmøtet slo fast at det resultatkravet som ble stilt i 2005, er oppfylt.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF held fram sitt målretta arbeid med å oppnå kontroll med kostnadane og å få til nødvendig omstilling i helseføretaksgruppa, slik at resultatkravet frå eigar i 2006 kan bli nådd.

Føretaksmøtet vedtok:

Styret sin framlagte årsrekneskap og årsmelding for 2005 vert godkjent.

Sak 4: Godkjenning av godtgjering til revisor jf lov om helseforetak § 44

Møteleiar gjorde greie for styret sitt forslag.

Føretaksmøtet har merka seg at det har vært ein auke i kostnadsført honorar frå 2004 til 2005 på kr. 81 000,-. Auken skyldes etablering av Helse Vest IKT AS.

Føretaksmøtet vedtok:

Godtgjering til ekstern revisor for ordinær revisjon for 2005 på kroner 1 200 000,- inkl. mva. vert godkjent.

Sak 5: Årleg melding jf lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 7 og § 15

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for følgjande:

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. Meldinga skal også omfatte dei helseføretaka som det regionale helseføretaket eig.

I vedtektene § 7 går det fram at føretaksmøtet skal behandle årleg melding på føretaksmøtet, som skal haldast innan utgangen av juni kvart år. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak om dei vilkåra som er knytt til tilskotet er oppfylt. Vilkår knytt til tilskotet går fram av bestillardokumentet til det regionale helseføretaket for 2005.

Departementet har mottatt årleg melding frå Helse Vest RHF for 2005 innan 1. mars 2006, og mottatt supplerande opplysningar knytt til denne meldinga i eige brev av 2. mai.

Helse Vest RHF har rapportert på dei styringskrava som bestillardokumentet og protokoll frå føretaksmøtet 17. januar 2005 setter. Føretaksmøtet merker seg at melding frå pasientomboda er lagt ved.

Føretaksmøtet har merka seg at Helse Vest RHF har hatt ein høgare aktivitet enn føresetnadene i bestillardokumentet for 2005.

Føretaksmøtet merker seg at Helse Vest RHF har ei positiv utvikling på prosentdel utsendte epikriser innan 7 dagar og prosentdel korridorpasientar, og at variasjonen mellom helseføretaka er redusert. Føretaksmøtet merker seg at Helse Vest RHF held fram arbeidet med å betre resultata ytterlegare. Føretaksmøtet peikar på at Helse Vest RHF ikkje har oppfylt krava på prosentdel avlyste planlagde operasjonar og prosentdel diagnostisk vurderte innan barne- og ungdomspsykiatrien. Resultata på indikatorane viser dessutan stor variasjon mellom helseføretaka. Føretaksmøtet forventar at det blir

tatt sterkare tak i årsakene til manglande måloppnåing og variasjonen mellom helseføretaka.

Føretaksmøtet viser til styringskrav om at det skal utarbeidast ein strategi for samhandling og desentralisering og til at helseføretak med lokalsjukehus eller lokalsjukehusfunksjonar skal ha samarbeidsavtaler med alle kommunar i sitt område. Det blir vist til at styret på regionalt nivå har behandla mål og strategiar for samhandling mellom tenestenivå og at helseføretaka er pålagte å utvikle heilskaplege strategiar for utvikling av samhandlingstiltak og lokalsjukehusfunksjonar i tråd med styrevedtaket. Departementet ber Helse Vest RHF understøtte vidare oppfølging og implementering.

Føretaksmøtet vedtok:

Årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF vert teke til etterretning.

Sak 6: Kapasitet innanfor akuttfunksjonar i psykisk helsevern – oppfølging av bestillardokument 2006

I tråd med bestillardokumentet for 2006 skal Helse Vest RHF sikre at kvalitet og tilgjenge til akutt-tenesta for vaksne blir ivaretatt.

Sosial- og helsedirektoratet har i samarbeid med dei regionale helseføretaka gjennomgått akuttfunksjonane innan psykisk helsevern for vaksne. Rapporten frå direktoratet viser at tre av fire helseføretak i regionen kan vise til at akutt-tilbodet generelt fungerar tilfredsstillande. Unntaket er Helse Bergen HF som har hatt eit stort overbelegg ved akutteiningane over lang tid. Disse forholda er ikkje tilfredsstillande. Føretaksmøtet legger til grunn at Helse Vest RHF gjennomfører dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kvalitet og tilgjenge til akutt-tenesta for psykisk helsevern i regionen, og spesielt i forhold til Helse Bergen HF. Føretaksmøtet legg vidare til grunn at det skal rapporterast innan 20. august med plan for gjennomføring av tiltak.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF gjennomfører dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kvalitet og tilgjenge til akutt-tenesta for psykisk helsevern i regionen, og spesielt i forhold til Helse Bergen HF.

Sak 7: Opprettig av lønnsråd

Det blir etablert eit samarbeidsorgan på lønnsområdet, kalla ”lønnsrådet”, i samarbeid med styra for dei regionale helseføretaka. Lønnsrådet skal være eit forum for dialog mellom Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka, representert

ved deltagare frå styra for dei regionale helseføretaka. Lønnsrådet skal være eit organ for å gjennomgå og drøfte forhold vedrørande lønnsvilkår og lønnsutvikling for den øvste leiinga i føretaka og gjensidig utveksling av relevant informasjon. Det skal takast omsyn til lønnsutviklinga i samfunnet, særskilte forhold knytt til aktuelle stillingar og relevante samfunnsmessige forhold.

Det skal være eit fast årleg møte i lønnsrådet som vil bli halde innan utgangen av første kvartal. Lønnsrådet endrar ikkje etablerte ansvars- og fullmaktsforhold.

Føretaksmøtet vedtok:

Etablering av lønnsråd i samarbeid med styra for dei regionale helseføretaka vert teke til etterretning.

Sak 8: Styremedlemmer i helseføretak valt av dei tilsette


Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for dei tilsette sine krav på representasjon i styra for føretaka og bad Helse Vest RHF sikre at dei tilsette i helseføretaka som Helse Vest RHF eig har riktig representasjon i styra. Departementet vil i eit eige brev gi dei regionale helseføretaka supplerande rettleiing med omsyn til dei tilsette sin representasjon i styra for føretaka.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tok orienteringa frå Helse- og omsorgsdepartementet til etterretning.

Møtet vart heva kl 1519

Oslo, 30. mai 2006


Frode Myrvold


Oddvard Nilsen